

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Rapport frå fylkesdirektøren sin styringsdialog 2019

Styringsdialogen mellom fylkesdirektøren og skulane er del av kvalitetssystemet i vidaregåande opplæring og vart gjennomført i januar/februar 2019.

Styringsdialogen er organisert som eit fellesmøte med skuleleiinga, representantar for tilsette og elevrådet. Den er lagt opp som ein jambyrdig dialog der alle partar, og særleg elevane, får høve til å ytre sine tankar og meiningar. Dialogen er ein arena som gir fylkesdirektøren kjennskap til, og forståing for, suksessar og utfordringar ved den enkelte skule.

Tema for møtet er forankra i nasjonale og fylkeskommunale føringar som er grunnlaget for satsingane nedfelt i mål – og strategiar for vidaregåande opplæring, «Mot nye høgder», og tilhøyrande handlingsprogram.

Tema:

Gjennomføring

- val av samarbeidsbedrifter i YFF-faget
- samarbeidet med bedriftene
- skulen sin heilskaplege plan for elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram
- tiltak skulen har for elevar som til 1. termin har IV (ikkje vurdering) og karakteren 1 i eitt eller fleire fag

Trivsel

- 9A og mobbknapp
- satsingar skulen har
- effekten av satsingane
- utfordringar i høve skuletrivsel og psykososialt læringsmiljø
- korleis elevar og tilsette kan samarbeide for at alle ved skulen skal trivast?

Meistring

Ungdata-undersøkinga syner at norske elevar kjedar seg i klasserommet.

Fylkesdirektøren er spesielt interessert i å få tilbakemelding på :

- skulen sine vurderingar av samanheng mellom keisemd, skuletrivsel og meistring.
- skulen sin plan for arbeidet med elevane sin motivasjon og meistring
- skulen sin plan for oppfølging av læringsstøttande prøver

Skulen sin utviklingsplan

Fylkesdirektøren er spesielt interessert i å få tilbakemelding på :

- Prosessen og involveringa i skulen sitt utviklingsarbeidet
- status på skulen sitt ambisjonsnivå opp mot overordna mål for sektoren
- involvering av tilsette og elevar i utviklingsarbeidet

- framdrift jmf. «handlingskortet» revidert på leiarsamlinga 8-10 april 2018

Elevane sitt tema

Elevane var særskilt invitert til å melde tema dei ønskte å drøfte med fylkesdirektøren.

Oppsummering

Gjennomføring

Alle dei vidaregåande skulane har gode gjennomføringstal. Resultata for fylket er 91,6% for studieførebuande utdanningsprogram og 63,4% for yrkesfaglege utdanningsprogram. Detaljane på gjennomføringstal og elevundersøkinga er ikkje tema på skulebesøk. Fylkesdirektøren forventar at skulane har implementert rutinar for oppfølging. I møte blei følgjande tema teke opp:

IV og karakteren 1

Alle skulane er uroa for at ei så stor elevgruppe står i fare for ikkje å gjennomføre på grunn av manglande vurdering, eller karakteren 1 i eitt eller fleire fag. Både leiinga og lærarane kjenner til kva elevar dette gjeld, og set inn ressursar og tiltak for at desse skal kunne meistre og bli kvalifisert for neste nivå i opplæringa.

Samarbeid skule og næringsliv

Vi vil gjerne at ungdommen vår, etter fullført utdanning, skal busette seg i Sogn og Fjordane, og vi veit at jobbmoglegheiter veg tungt når dei skal etablere seg. Karriererettleiing, bedriftsbesøk, ekskursjonar og utplasseringar er derfor viktige oppgåver for at alle elevane skal bli kjende med mangfaldet som finns i arbeidsmarknaden, og for at flyttepila skal peike heimover når dei skal velje stad og bu i framtida. Ikkje minst gjeld dette dei ungdomane som går på studieførebuande utdanningsprogram og flyttar til storbyar for å studere på høgskule eller universitet. Fylkesdirektøren utfordrar alle skular med studieførebuande utdanningsprogram til å samarbeide med arbeidslivet for å syne jobbmoglegheitene i lokalmiljøet.

Ein del av dialogen på skulebesøka var arbeidet til arbeidslivskontaktane på yrkesfaglege utdanningsprogram. Målsetjinga med møte var å samle erfaringar om korleis skulane nyttar arbeidslivskontakten. Skulane ønsker å etablere eit eige nettverk for arbeidslivskontaktane som kan nyttast til erfaringsutveksling, kompetanseheving og kunnskapsoverføring. Skulane meiner at faget yrkesfagleg fordjuping (YFF) er ein inngang til at elevane vert kjend med potensielle lærebedrifter og får meir variasjon i opplæringa, samt føre til at elevane blir meir sikre på eige utdanningsval. Ikkje alle elevar i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er utplassert i YFF på vg1-nivå. Alle dei vidaregåande skulane har ei målsetjing om at flest mogleg elevar skal utplasserast i lærebedrift på vg2-nivå. Nokre skular prioriterer utplassering på vg2-nivå grunna kapasiteten i utplasseringsbedrifter, men ved nokre skular har elevar ute på vg1-nivå. Stort sett alle utplasseringsbedrifter som skulen nyttar i YFF-faget er godkjente lærebedrifter, men faget blir også nytta til å rekruttere lærebedrifter. Fylkesdirektøren ser at det er skilnadar i grad av utplassering mellom bransjar, skular og fag. Aktiv bruk av nettverka mellom skule og bedrifter kan vere med å jamne ut skilnadane.

Trivsel

Tilbakemeldingane frå elevane er at dei fleste trivest godt på skulen, men dei er klar over at ikkje alle er inkluderte i det sosiale fellesskapet. Nokre skular var særleg uroa over at elevar allereie dei fyrste dagane på vg1 studieførebuande dannar «russegrupper» som berre nokre får vere med i. Elevane seier at om ein ikkje har status som medlem av ein «klikk», kan ein gjennom heile opplæringstida verte ekskludert frå det sosiale miljøet både på skulen og i fritida. Det er difor viktig at skulen allereie frå fyrste skuledag organiserer tiltak som verkar samlande og positivt på klassemiljø og skulemiljø. Elevane trekker fram tiltaket Drømmeskolen og miljøkoordinatorane si rolle for å skape eit positivt og inkluderande skulemiljø.

Fylkesdirektøren understreker at skulen og elevrådet må samarbeide om å få eit inkluderande og trygt læringsmiljø for alle. Det kjem fram i skulebesøka at elevane sine ressursar er for lite nytta i dette arbeidet.

Elevane peikte og på at mange har helserelaterte utfordringar og trongen for psykososiale tiltak og elevtenester er større enn tilgangen. Særleg helsesøster/skulehelsetenesta er etterspurt.

Dei skulane som nyttar Drømmeskolen, ein modell for å jobbe systematisk med det psykososiale miljøet frå eit helsefremjande perspektiv, opplever det som eit godt tiltak i arbeidet med å skape eit trygt skulemiljø. Likeeins blir open skule framsnakka som eit positivt trivsels- og inkluderingsiltak.

Mobbeknappen

Alle elevar som tok del i møta, blei spurt om mobbknappen. Mobbknappen er godt kjent og elevane er svært nøgde med ordninga. Rektorane melder om nokre utslag på mobbknappen. Rektor har etter fylkesdirektøren si vurdering følgt opp i tråd med rutinar og intensjonar.

Meistring

Ungdata-undersøkinga syner at norske elevar kjedar seg i klasserommet. Dette var difor eit utgangspunkt for dialogen om meistring og følgjande punkt:

Keisemd

Elevane ved alle dei vidaregåande skulane peikte på lite variasjon i undervisninga som ein vesentleg grunn til at så mange kjedar seg. Mange undervisningstimar vert like, ber preg av mykje dosering og lite elevmedverknad. Elevane meiner at dette kan føre til at dei mister konsentrasjonen og flytter merksemda over til aktivitetar som hindrar læring. Samtidig trekkjer dei fram enkeltlærarar som både har variasjon og relevans i undervisninga. Elevane ynskjer å vere meir aktive og deltakande i sitt eige læringsarbeid, og seier at reel elevmedverknad i både undervisningsmetodar og vurderingspraksis vil verke motiverande.

Relevans

I tillegg til variasjon i undervisninga er kjensla av å ha bruk for det ein lærer viktig for motivasjonen. Ein elev sa det slik: «Å kunne knyte fag til framtida er motiverande og gjer det meir meningsfullt å jobbe, sjølv om faget er vanskeleg». Elevane peikte og på verdien av å bli kjent med arbeidsmarknaden og ønskte å ha meir kontakt med arbeidslivet.

Skulane sin utviklingsplan

Skulane sin utviklingsplan er ein sentral del i det pedagogiske utviklingsarbeidet. Utviklingsplanen skal sette tydeleg pedagogisk retning, med mål og strategiar. Alle skulane er bevisste på kor viktig det er å halde fast ved retninga dei har kommunisert i planen, men samtidig gjere justeringar dersom det er føremålstenleg for utviklingsarbeidet. Til dømes har fleire av skulane revidert planane sine etter at dei har gått gjennom skulevurdering. Dei ulike møtepunkta mellom rektorane og fylkesdirektøren er viktige arenaar for erfaringsdeling, og særleg den årlege leiarsamlinga der alle leiargruppene møtest til eit to-dagars erfarings- og delingsseminar. Fylkesdirektøren si vurdering er at få og langsiktige mål med kontinuerleg oppfølging er det beste utgangspunktet for å lukkast med utvikling.

Elevane sine tema

Elevane viste stort engasjement og høg grad av medverknad i diskusjonane. Fleire hadde meldt inn ønske om større medverknad i korleis undervisninga blir gjennomført. Dei opplever at lærarane lett kjem inn i «eit spor», og det blir keisamt når timane i løpet av ein dag inneheld dei same metodane.

I tillegg var psykisk helse innmeldt av fleire, og dei ville ha livsmeistring inn på timeplanen. Mange treng å lære om kva som er «innanfor det normale», og kva strategiar dei kan bruke for å takle både dei kvar dagslege og dei større utfordringane. Til dømes kunne ein bruke basistimen (kontaktlærartimen) til temaet.

Elevane var interessert i kva grad Vestland fylkeskommune vil ha innverknad på deira skulekvardag. Fylkesdirektøren informerte om prosessane så langt og vedtak som er fatta.

Elles kom det fram ulike problemstillingar som fylkesdirektøren bad om at blir løyst på skulenivå.

Evaluering av skulebesøka

Tilbakemeldingane frå deltakarane var utelukkande positive. Både leiarar, tillitsvalde og elevane rosa innhaldet i skulebesøka, og at deltakarane er likeverdige partar i dialogen.

Fylkesdirektøren understreka kor viktig dialogen er for at vi skal nå målet om at alle elevane og lærlingane i Sogn og Fjordane skal ha den beste opplæringa.

Dei tilsette i opplæringsavdelinga ser stor effekt og nytte av å delta i skulebesøka. Fylkesdirektøren brukar besøka for å skape ein heilskapleg forståing av opplæringsløpet og samanhengen mellom politiske vedtak og praksisen i klasserom og verkstad. Skulebesøka gjev høve til å fange opp praksis i klasserom/verkstad og saman med skulane justere tiltak innan ulike felt.